27.05.2026: KOMMUNESTYRET

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

KOM - 055/26 Vedtak:

Skulerute for 2026/2027 og 2027/2028 vert vedtatt slik den ligg føre.

056/26 Mellombels endring av alkohollova sine føresegner om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrar 2026

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Stranda kommune gjev dispensasjon frå reglane i den lokale forskrifta, og vedtek mellombels utviding av skjenketider for alkoholhaldig drikk inntil kl. 06.00, med samsvarande opningstider, i heile perioden fotball-VM for herrar 2026 varer, 11. juni – 19. juli 2026.
2. Utvidinga gjeld berre for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
3. Utvidinga gjeld berre for skjenkestader som viser direktesende kampar i fotball-VM 2026 innandørs for staden sine gjestar.
4. Utvidinga gjeld ikkje for skjenking i uteareal, utan at forholda ligg særleg til rette for det.
5. Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestader i kommunen, og skjenkestader som ønsker utvida skjenke- og opningstid må søke om dette. Kommunedirektøren vert gitt mynde til å avgjere desse søknadane.
6. Denne mellombelse endringa i forskrifta gjeld frå vedtaksdato og vert oppheva 20. juli 2026.

Heimel: Alkohollova § 4-4 nytt niande ledd, og kommunen si Forskrift om sals- og skjenketider i Stranda kommune § 2.

27.05.2026: KOMMUNESTYRET

Møtebehandling

Vedtak 20 mot 5 røyster

KOM - 056/26 Vedtak:

1. Stranda kommune gjev dispensasjon frå reglane i den lokale forskrifta, og vedtek mellombels utviding av skjenketider for alkoholhaldig drikk inntil kl. 06.00, med samsvarande opningstider, i heile perioden fotball-VM for herrar 2026 varer, 11. juni – 19. juli 2026.
2. Utvidinga gjeld berre for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
3. Utvidinga gjeld berre for skjenkestader som viser direktesende kampar i fotball-VM 2026 innandørs for staden sine gjestar.
4. Utvidinga gjeld ikkje for skjenking i uteareal, utan at forholda ligg særleg til rette for det.
5. Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestader i kommunen, og skjenkestader som ønsker utvida skjenke- og opningstid må søke om dette. Kommunedirektøren vert gitt mynde til å avgjere desse søknadane.
6. Denne mellombelse endringa i forskrifta gjeld frå vedtaksdato og vert oppheva 20. juli 2026.

Heimel: Alkohollova § 4-4 nytt niande ledd, og kommunen si Forskrift om sals- og skjenketider i Stranda kommune § 2.

057/26 Høyringssvar- utgreiing av innsparingstiltak i båt- og bilambulansenesta

Kommunedirektøren si tilråding:

Stranda kommune vedtek høyringssvaret "Utgreiing av innsparingstiltak i båt- og bilambulansenesta HMR" (vedlegg) slik det ligg føre.

Tilråding som vedtak frå FORMANNSKAPET, 20.05.2026 - 062/26

Stranda kommune vedtek høyringssvaret "Utgreiing av innsparingstiltak i båt- og bilambulansenesta HMR" (vedlegg) slik det ligg føre.

20.05.2026: FORMANNSKAPET

Møtebehandling

Tilråding samrøystes til kommunestyret

FOR - 062/26 Vedtak:

Stranda kommune vedtek høyringssvaret "Utgreiing av innsparingstiltak i båt- og bilambulansetenesta HMR" (vedlegg) slik det ligg føre.

27.05.2026: KOMMUNESTYRET

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

KOM - 057/26 Vedtak:

Stranda kommune vedtek høyringssvaret "Utgreiing av innsparingstiltak i båt- og bilambulansetenesta HMR" (vedlegg) slik det ligg føre.

058/26 Høyringsuttale - Forslag til forskrift om cruiseavgift

Kommunedirektøren si tilråding:

Stranda kommune gir slik uttale til høyring av forslag til forskrift om cruiseavgift:

Stranda kommune ser på det som positivt at kommunane kan velje kva månader innkrevjing av avgift skal gjelde for.

Stranda kommune vurderer at kommunane sjølve må få høve til fastsetje storleik på avgifta innanfor ei øvre ramme. Ein for høg sats kan føre til at skip går til andre hamner, og at ein deretter nyttar buss til Geiranger. Dette vil innebære ei mykje høgare belastning, og som i tillegg ikkje blir kompensert. Det er difor sær viktig at dette punktet blir omgjort slik at kommunane sjølve kan setje sats.

Stranda kommune vil peike på at det er uheldig at besøksbidrag ikkje blir innført for alle besøkande. Belastning som følgjer av dagsbesøk er stor, og det er feil at desse blir fritekne for å betale. Ei dynamisk avgift her kunne og vore med på å regulere belastninga.

Tilråding som vedtak frå FORMANNSKAPET, 20.05.2026 - 063/26

Stranda kommune gir slik uttale til høyring av forslag til forskrift om cruiseavgift:

Stranda kommune ser på det som positivt at kommunane kan velje kva månader innkrevjing av avgift skal gjelde for.

Stranda kommune vurderer at kommunane sjølve må få høve til fastsetje storleik på avgifta innanfor ei øvre ramme. Ein for høg sats kan føre til at skip går til andre hamner, og at ein deretter nyttar buss til Geiranger. Dette vil innebere ei mykje høgare belastning, og som i tillegg ikkje blir kompensert. Det er difor sær viktig at dette punktet blir omgjort slik at kommunane sjølve kan setje sats.

Stranda kommune vil peike på at det er uheldig at besøksbidrag ikkje blir innført for alle besøkande. Belastning som følgjer av dagsbesøk er stor, og det er feil at desse blir fritekne for å betale. Ei dynamisk avgift her kunne og vore med på å regulere belastninga.

20.05.2026: FORMANNSKAPET

Svar på høring av forslag til forskrift for cruiseavgift, foreslått av Gro Anita Sve, Framstegspartiet:

Stranda kommune gir slik uttale til høyring av forslag til forskrift for cruiseavgift:

Stranda kommune ser det som heilt feil at kommunar som har cruiseskipsanløp skal måtte ta enda ei avgift overfor denne næringa.

Pr i dag tar Stranda kommune inn mange titalls million kr i avgifter frå cruisenæringa, mykje av dette i ei stor ilandstigingsavgift for passasjerene som går i land i vårt havnedistrikt.

Alle kommuner som har cruiseskipsanløp har anledning til å ta havneavgifter, også ilandstigingsavgift for turistane som går i land, såleis er det meir enn nok muligheit for kommunane å kunne ta inn tilstrekkelig med avgifter for å kunne dekke kommunen sine kostnadar med anløpa.

Det er også eit lite hensiktsmessig grunnlag, at dagens regjering skal ty til enda eit «sugerør» ned i lommeboka til privat næringsliv, for å berike ei frå før overfylt statskasse.

Stranda kommune presiserar derimot at dersom ei slik avgift likevel skulle bli innført, må kommunane sjølve stå heilt fritt i å fastsette storleik på avgifta eller å avstå frå å krevje inn ei slik ekstra avgift på denne næringa, utover allerede eksisterende havneavgifter frå kommunen.

Framlegget fekk 1 røyst

Møtebehandling

Tilråding til kommunestyret 6 mot 1 røyst

FOR - 063/26 Vedtak:

Stranda kommune gir slik uttale til høyring av forslag til forskrift om cruiseavgift:

Stranda kommune ser på det som positivt at kommunane kan velje kva månader innkrevjing av avgift skal gjelde for.

Stranda kommune vurderer at kommunane sjølve må få høve til fastsetje storleik på avgifta innanfor ei øvre ramme. Ein for høg sats kan føre til at skip går til andre hamner, og at ein deretter nyttar buss til Geiranger. Dette vil innebære ei mykje høgare belastning, og som i tillegg ikkje blir kompensert. Det er difor sær viktig at dette punktet blir omgjort slik at kommunane sjølve kan setje sats.

Stranda kommune vil peike på at det er uheldig at besøksbidrag ikkje blir innført for alle besøkande. Belastning som følgjer av dagsbesøk er stor, og det er feil at desse blir fritekne for å betale. Ei dynamisk avgift her kunne og vore med på å regulere belastninga.

27.05.2026: KOMMUNESTYRET

Svar på høring av forslag til forskrift for cruiseavgift, foreslått av Gro Anita Sve, Framstegspartiet:

Stranda kommune gir slik uttale til høyring av forslag til forskrift for cruiseavgift:

Stranda kommune ser det som heilt feil at kommunar som har cruiseskipsanløp skal måtte ta enda ei avgift overfor denne næringa.

Pr i dag tar Stranda kommune inn mange titalls million kr i avgifter frå cruisenæringa, mykje av dette i ei stor ilandstigingsavgift for passasjerene som går i land i vårt havnedistrikt.

Alle kommuner som har cruiseskipsanløp har anledning til å ta havneavgifter, også ilandstigingsavgift for turistane som går i land, såleis er det meir enn nok muligheit for kommunane å kunne ta inn tilstrekkelig med avgifter for å kunne dekke kommunen sine kostnadar med anløpa.

Stranda kommune presiserar derimot at dersom ei slik avgift likevel skulle bli innført, må kommunane sjølve stå heilt fritt i å fastsette storleik på avgifta eller å avstå frå å krevje inn ei slik ekstra avgift på denne næringa, utover allerede eksisterende havneavgifter frå kommunen.

Framlegget fekk 3 røyster

Framlegg frå Stranda Høgre, foreslått av Joachim Bjørstad Langlo, Høgre:

Stranda kommune viser til høyring av forslag til forskrift om cruiseavgift.

Stranda kommune er positiv til at det blir opna for ei ordning der kommunar med særleg belastning frå cruiseturisme kan krevje inn avgift frå cruisepassasjerar. For små reisemål med store sesongvariasjonar er belastninga på infrastruktur, trafikkavvikling, renovasjon, beredskap og kommunale tenester betydeleg i delar av året.

Kommunen ser det som svært positivt at kommunane sjølve kan velje kva månader avgifta skal gjelde for. Belastninga er i hovudsak konsentrert til delar av året, og det er viktig at ordninga kan tilpassast lokale forhold.

Stranda kommune meiner det er avgjerande at kommunane sjølve får høve til å fastsetje nivået på avgifta innanfor ei nasjonal øvre ramme. Lokale forhold varierer mykje mellom ulike cruisedestinasjonar, både når det gjeld kapasitet, infrastruktur og konkurransesituasjon. For Stranda kommune er det vidare viktig at avgifta kan differensierast mellom ulike hamner innan same kommune. Kommunen har cruiseanløp og kaianlegg i ulike bygdelag, med ulike utfordringar, ulik kapasitet og ulik belastning på lokalsamfunn og infrastruktur. Det må difor vere høve til å fastsetje ulike satsar frå hamn til hamn innan kommunen.

Ei statleg fastsett avgiftssats kan få utilsikta konsekvensar. Dersom satsen blir for høg, kan dette føre til at cruiseskip vel andre hamner, medan passasjerane i staden blir transporterte med buss til Geiranger. Dette vil kunne gi større belastning på vegnettet og lokalsamfunnet, utan at kommunen får inntekter frå cruiseavgifta.

Stranda kommune vil særleg peike på at dette også vil vere uheldig sett opp mot miljø- og klimaomsyn. Trafikk- og parkeringsforholda i Geiranger er allereie svært pressa i delar av sesongen, og ei ytterlegare overføring frå sjøtransport til omfattande bussbasert transport vil kunne forsterke både kapasitetsutfordringar, køproblem og utslepp.

På generelt grunnlag vil Stranda kommune peike på at det framstår noko uheldig at ordninga berre omfattar cruisepassasjerar. Belastninga frå dagsbesøkande er i mange tilfelle stor uavhengig av transportform, og kommunen meiner det på sikt bør vurderast meir heilskaplege ordningar for besøksavgift. Sjølv om det no også er opna for besøksbidrag ved overnatting i tillegg til cruiseavgifta, vil det framleis vere store grupper besøkjande som ikkje bidreg økonomisk, trass i at dei nyttar infrastruktur og bidreg til belastninga på lokalsamfunnet.

Møtebehandling

Vedtak 22 mot 3 røyster

KOM - 058/26 Vedtak:

Stranda kommune gir slik uttale til høyring av forslag til forskrift for cruiseavgift:

Stranda kommune ser det som heilt feil at kommunar som har cruiseskipsanløp skal måtte ta enda ei avgift overfor denne næringa.

Pr i dag tar Stranda kommune inn mange titalls million kr i avgifter frå cruisenæringa, mykje av dette i ei stor ilandstigingsavgift for passasjerane som går i land i vårt havnedistrikt.

Alle kommuner som har cruiseskipsanløp har anledning til å ta havneavgifter, også ilandstigingsavgift for turistane som går i land, såleis er det meir enn nok muligheit for kommunane å kunne ta inn tilstrekkelig med avgifter for å kunne dekke kommunen sine kostnader med anløpa.

Stranda kommune presiserar derimot at dersom ei slik avgift likevel skulle bli innført, må kommunane sjølve stå heilt fritt i å fastsette storleik på avgifta eller å avstå frå å krevje inn ei slik ekstra avgift på denne næringa, utover allerede eksisterende havneavgifter frå kommunen. Stranda kommune er positiv til at det blir opna for ei ordning der kommunar med særleg belastning frå cruiseturisme kan krevje inn avgift frå cruisepassasjerar. For små reisemål med store sesongvariasjonar er belastninga på infrastruktur, trafikkavvikling, renovasjon, beredskap og kommunale tenester betydeleg i delar av året.

Kommunen ser det som svært positivt at kommunane sjølve kan velje kva månader avgifta skal gjelde for. Belastninga er i hovudsak konsentrert til delar av året, og det er viktig at ordninga kan tilpassast lokale forhold.

Stranda kommune meiner det er avgjerande at kommunane sjølve får høve til å fastsetje nivået på avgifta innanfor ei nasjonal øvre ramme. Lokale forhold varierer mykje mellom ulike cruisedestinasjonar, både når det gjeld kapasitet, infrastruktur og konkurransesituasjon. For Stranda kommune er det vidare viktig at avgifta kan differensierast mellom ulike hamner innan same kommune. Kommunen har cruiseanløp og kaianlegg i ulike bygdelag, med ulike utfordringar, ulik kapasitet og ulik belastning på lokalsamfunn og infrastruktur. Det må difor vere høve til å fastsetje ulike satsar frå hamn til hamn innan kommunen.

Ei statleg fastsett avgiftssats kan få utilsikta konsekvensar. Dersom satsen blir for høg, kan dette føre til at cruiseskip vel andre hamner, medan passasjerane i staden blir transporterte med buss til Geiranger. Dette vil kunne gi større belastning på vegnettet og lokalsamfunnet, utan at kommunen får inntekter frå cruiseavgifta.

Stranda kommune vil særleg peike på at dette også vil vere uheldig sett opp mot miljø- og klimaomsyn. Trafikk- og parkeringsforholda i Geiranger er allereie svært pressa i delar av sesongen, og ei ytterlegare overføring frå sjøtransport til omfattande bussbasert transport vil kunne forsterke både kapasitetsutfordringar, køproblem og utslepp.

På generelt grunnlag vil Stranda kommune peike på at det framstår noko uheldig at ordninga berre omfattar cruisepassasjerar. Belastninga frå dagsbesøkande er i mange tilfelle stor uavhengig av transportform, og kommunen meiner det på sikt bør vurderast meir heilskaplege ordningar for besøksavgift. Sjølv om det no også er opna for besøksbidrag ved overnatting i tillegg til cruiseavgifta, vil det framleis vere store grupper besøkjande som ikkje bidreg økonomisk, trass i at dei nyttar infrastruktur og bidreg til belastninga på lokalsamfunnet.

059/26 Geiranger Fjordservice AS - MS Geirangerfjord LJZP - Søknad om skjenkeløyve i gruppe 1 og 2

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Stranda kommune gir alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2, høgst 22% vol. til Geiranger Fjordservice AS, MS Geirangerfjord LJZP
2. Løyvet gjeld fram til 30.09.2028. Båten skal ikkje gå i rutetrafikk
3. Skjenkestyrar er Stein Lystad og reservestyrar er Cato Sivertsen
4. Stranda kommune sine vedtekne skjenketider er gjeldande.

Heimel: Alkohollova §1-7 med føresegner.

Tilråding som vedtak frå LEVEKÅRSUTVALET, 12.05.2026 - 029/26

1. Stranda kommune gir alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2, høgst 22% vol. til Geiranger Fjordservice AS, MS Geirangerfjord LJZP
2. Løyvet gjeld fram til 30.09.2028. Båten skal ikkje gå i rutetrafikk
3. Skjenkestyrar er Stein Lystad og reservestyrar er Cato Sivertsen
4. Stranda kommune sine vedtekne skjenketider er gjeldande.

Heimel: Alkohollova §1-7 med føresegner.

12.05.2026: LEVEKÅRSUTVALET

Møtebehandling

Tilråding til kommunestyret samrøystes

LKU - 029/26 Vedtak:

1. Stranda kommune gir alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2, høgst 22% vol. til Geiranger Fjordservice AS, MS Geirangerfjord LJZP
2. Løyvet gjeld fram til 30.09.2028. Båten skal ikkje gå i rutetrafikk
3. Skjenkestyrar er Stein Lystad og reservestyrar er Cato Sivertsen
4. Stranda kommune sine vedtekne skjenketider er gjeldande.

Heimel: Alkohollova §1-7 med føresegner.

27.05.2026: KOMMUNESTYRET

Møtebehandling

Stein Lystad erklært inhabil i saka.

Vedtak 23 mot mot 1 røyst

KOM - 059/26 Vedtak:

1. Stranda kommune gir alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2, høgst 22% vol. til Geiranger Fjordservice AS, MS Geirangerfjord LJZP
2. Løyvet gjeld fram til 30.09.2028. Båten skal ikkje gå i rutetrafikk
3. Skjenkestyrar er Stein Lystad og reservestyrar er Cato Sivertsen
4. Stranda kommune sine vedtekne skjenketider er gjeldande.

Heimel: Alkohollova §1-7 med føresegner.

060/26 MS Hjertøy, MS Kautokeino - Søknad om skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 for perioden 2026 - 2028

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Stranda kommune gir alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 til MS Hjertøy AS, skjenkestad MS Kautokeino
2. Løyvet gjeld fram til 30.09.2028. Båten skal ikkje gå i rutetrafikk.
3. Skjenkestyrar er Jan Kåre Brunvoll og reservestyrar er Elin Dahlen.
4. Stranda kommune sine vedtekne skjenketider er gjeldande
5. Skjenkestyrar og reservestyrar skal snarast gjennomføre kurs om [Ansvarleg vertskap](#), jf. alkoholpolitiske retningslinter pkt. 6.5.3. Kursbevis skal sendast inn til Stranda kommune på post@stranda.kommune.no.

Heimel: Alkohollova §1-7 med føresegner.

Tilråding som vedtak frå LEVEKÅRSUTVALET, 12.05.2026 - 030/26

1. Stranda kommune gir alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 til MS Hjertøy AS, skjenkestad MS Kautokeino
2. Løyvet gjeld fram til 30.09.2028. Båten skal ikkje gå i rutetrafikk.
3. Skjenkestyrar er Jan Kåre Brunvoll og reservestyrar er Elin Dahlen.
4. Stranda kommune sine vedtekne skjenketider er gjeldande
5. Skjenkestyrar og reservestyrar skal snarast gjennomføre kurs om [Ansvarleg vertskap](#), jf. alkoholpolitiske retningslinter pkt. 6.5.3. Kursbevis skal sendast inn til Stranda kommune på post@stranda.kommune.no.

Heimel: Alkohollova §1-7 med føresegner.

12.05.2026: LEVEKÅRSUTVALET

Møtebehandling

Tilråding til kommunestyret samrøystes

LKU - 030/26 Vedtak:

1. Stranda kommune gir alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 til MS Hjertøy AS, skjenkestad MS Kautokeino
2. Løyvet gjeld fram til 30.09.2028. Båten skal ikkje gå i rutetrafikk.
3. Skjenkestyrar er Jan Kåre Brunvoll og reservestyrar er Elin Dahlen.
4. Stranda kommune sine vedtekne skjenketider er gjeldande
5. Skjenkestyrar og reservestyrar skal snarast gjennomføre kurs om [Ansvarleg vertskap](#), jf. alkoholpolitiske retningslinger pkt. 6.5.3. Kursbevis skal sendast inn til Stranda kommune på post@stranda.kommune.no.

Heimel: Alkohollova §1-7 med føresegner.

27.05.2026: KOMMUNESTYRET

Møtebehandling

Vedtak 23 mot 2 røyster

KOM - 060/26 Vedtak:

1. Stranda kommune gir alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 til MS Hjertøy AS, skjenkestad MS Kautokeino
2. Løyvet gjeld fram til 30.09.2028. Båten skal ikkje gå i rutetrafikk.
3. Skjenkestyrar er Jan Kåre Brunvoll og reservestyrar er Elin Dahlen.
4. Stranda kommune sine vedtekne skjenketider er gjeldande
5. Skjenkestyrar og reservestyrar skal snarast gjennomføre kurs om [Ansvarleg vertskap](#), jf. alkoholpolitiske retningslinger pkt. 6.5.3. Kursbevis skal sendast inn til Stranda kommune på post@stranda.kommune.no.

Heimel: Alkohollova §1-7 med føresegner.

061/26 Interpellasjonar og spørsmål

27.05.2026: KOMMUNESTYRET

Forslag frå Ordføraren, foreslått av Ordførar Einar Arve Nordang, Høgre:

Kommunestyret ber kommunedirektøren førebu ei sak til kommunestyret som skisserer ein prosess for å vurdere organiseringa av både parkering og eigedomsforvaltning, der modellane KF (kommunalt føretak) AS og eller ta heile eller deler tilbake i den kommunale linja vert vegd opp mot kvarandre med omsyn til openheit og styring.

Samrøystes

Møtebehandling

Sissel Mehl, Antonina Kolodziejczyk erklært inhabil i saka.

Arild Ringdal erklært habil i saka.

Vedtak samrøystes

KOM - 061/26 Vedtak (sjå til slutt):

Svar på Interpellasjon Stein Lystad, Stranda Parkering som KF

Takk til representanten Lystad for interpellasjonen. Spørsmåla som vert reist er prinsipielt viktige og treffer kjernen i korleis vi som folkevalde skal utøve styring og sikre tillit i lokalsamfunnet, ikkje minst i Geiranger der dette er eit særskilt aktuelt tema.

Her er mine svar på spørsmåla:

1. Om innsyn i inntekter og bruk:

Eg har forståing for frustrasjonen over at det kan opplevast krevjande å få detaljert innsyn i økonomien til eit aksjeselskap samanlikna med direkte kommunal drift. Sjølv om rekneskapane er offentlege, gir ikkje dagens modell kommunestyret den løpande styringsdialogen som representanten etterspør.

2. Tiltak for betre openheit og styring:

Som ordførar vil eg be administrasjonen leggje fram ei eiga sak som gjer greie for den økonomiske statusen i Stranda Parkering AS, inkludert korleis overskotet vert disponert i dag. Vi må sikre at eigarstyringa vår er aktiv, og at vi gjennom eigarmøte set tydelegare krav til kva informasjon som skal flyte tilbake til kommunestyret.

3. Vurdering av organisasjonsform:

Eg meiner at det kunne vore meir hensiktsmessig å organisere eigedomane til kommuna gjennom eit kommunalt foretak, då dei gjennom kommunale lånevilkår kunne fått meir hensiktsmessig finansiering til det vi ynskjer dei skal utvikle for oss. Dei vil på den andre side ikkje stå like fritt til å investere dersom Stranda kommune skulle havne på Robek, og det er er nok grunnen til at dei er organisert som eit Aksjeselskap i dag.

4. Initiativ til utgreiing (Stranda Parkering og Stranda Eigedomsselskap):

Representanten foreslår å utgreie omgjerding til kommunalt føretak (KF). Eg meiner vi bør gå eit steg vidare. Eg vil ta initiativ til ei breiare utgreiing der vi ikkje berre ser på Stranda Parkering AS isolert, men vurderer heile strukturen rundt **Stranda Eigedomsselskap**. I Stranda er heller ikkje alle kommunale bygg plassert under eigedomsselskapet og vi kunne

moglegens oppnådd synergjar ved å plassere alt i ei eining. Det skal vi finne ut gjennom sakshandsaminga.

Ei samla gjennomgang av eigarskapsstrategien vår vil kunne gi oss svar på om vi bør samle desse ressursane på ein måte som sikrar:

- Fullt politisk innsyn og kontroll.
- Ein meir effektiv administrasjon av kommunen sine eigedommar og verdjar.

Konklusjon:

Eg vil difor be kommunedirektøren førebu ei sak til kommunestyret som skisserer ein prosess for å vurdere organiseringa av både parkering og eigedomsforvaltning, der modellane KF (kommunalt føretak) AS og eller ta heile eller deler tilbake i den kommunale linja vert vegd opp mot kvarandre med omsyn til openheit og styring.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Einar Arve Nordang
ordførar

Samrøystes vedtak i møtet:

Kommunestyret ber kommunedirektøren førebu ei sak til kommunestyret som skisserer ein prosess for å vurdere organiseringa av både parkering og eigedomsforvaltning, der modellane KF (kommunalt føretak) AS og eller ta heile eller deler tilbake i den kommunale linja vert vegd opp mot kvarandre med omsyn til openheit og styring.

062/26 Val av nytt styre i Stranda hamnevesen KF

27.05.2026: KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak, foreslått av Steinar Aanning, Uavhengig:

1. Kommunestyret vel nytt styre med eit interimstyre for Stranda hamnevesen KF med det sitjande styre, med Jan Ove Tryggestad som ny styreleiar.
2. Kommunestyret ber om at det vert starta prosess for rekruttering av ekstern og profesjonell styreleiar for Stranda hamnevesen KF.
3. Formannskapet får fullmakt til, i samarbeid med kommunedirektøren, å engasjere eksternt rekrutteringsmiljø og førebu sak om framtidig styreleiing og styresamansetning.
4. Endeleg val av permanent styre og styreleiar vert gjort av kommunestyret.

Framlegget fekk 4 røyster

FRAMLEGG I MØTE
Framlegg frå AP, FRP, H, SP

1. Kommunestyret vel nytt styre i Stranda Hamnevesen KF

2. Styret sin samansetning er:

Leiar: Jan Ove Tryggestad

Nestleiar: Stein Lystad

Styremedlemmar:

Joakim Langlo

Anne Berit Tryggestad

Gro Anita Loen Sve

Ole Jørgen Sve

Inger Abelsen

Varamedlemmar;

1. Øystein Strand

2. Tor Waaler

3 . Randi Sæter

Kommunestyret ber om at styret føretek ei evaluering i god tid før neste val og saka vert lagt fram for kommunestyret.

Møtebehandling

Vedtak 20 mot 4 røyster

KOM - 062/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vel nytt styre i Stranda Hamnevesen KF

2. Styret sin samansetning er:

Leiar: Jan Ove Tryggestad

Nestleiar: Stein Lystad

Styremedlemmar:

Joakim Langlo

Anne Berit Tryggestad

Gro Anita Loen Sve

Ole Jørgen Sve

Inger Abelsen

Varamedlemmar;

1. Øystein Strand

2. Tor Waaler

3 . Randi Sæter

Kommunestyret ber om at styret føretek ei evaluering i god tid før neste val og saka vert lagt fram for kommunestyret.